
Fra: fmhopostmottak@fylkesmannen.no
Sendt: 28. desember 2017 09:32
Til: Postmottak Lindås
Emne: Uttale - Lindås - Gnr 107 bnr 5 - Kolås - Oppretting av ny bustadtomt - Dispensasjon

Lindås kommune

Bergen 28. desember 2017

Vår ref: 17/15365

Dykkar ref: 17/3528 - 17/35523

**Uttale til søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen -
Frådeling av bustadtomt på gnr. 107 bnr. 5 på Kolås, Lindås**

Vi viser til kommunen si oversending i saka.

Saka gjeld søknad om frådeling av bustadtomt på gnr. 107 bnr. 5 på Kolås. Søknaden krev dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen. Parsellen ligg innanfor omsynssone for landbruk og friluftsliv i kommuneplanen. Omsøkt parsell er på 3000 m².

Fylkesmannen si vurdering er at omsøkt frådeling kjem i vesentleg strid med LNF-føremålet. Bustadtomta er plassert inn i eit nytt landskapsrom, noko som gir oppsplitting av eit samanhengande landbruksareal og kulturlandskap. Større del av tomta består av innmarksbeite. Ei frådeling vil difor kome i direkte konflikt med jordvernet. At omsøkt parsell ligg innanfor omsynssone for landbruk og friluftsliv understrekar at frådelinga kjem i vesentleg konflikt med LNF-føremålet.

Storleiken på tomta bidrar til å auke konfliktnivået i forhold til LNF-føremålet, både fordi ei frådeling på den måten vil ta meir landbruksareal og gir større oppsplittingseffekt.

Fylkesmannen vil **rå i frå** dispensasjon i denne saka. Sjølv om tomta skulle bli redusert i storleik, vil vi rå i frå ein dispensasjon.

Søkar viser til at innmarksbeitet innanfor omsøkt areal har dårleg kvalitet. Dette vurderer vi som eit lite tungtvegande argument, sidan dette arealet vil med relativt enkle grep kunne opparbeidast til å bli eit godt landbruksareal.

Med venleg helsing

Morten Sageidet
seniorrådgjevar

Fylkesmannen i Hordaland
kommunal og samfunnsplanavdelinga
tlf: +4755572057

www.fylkesmannen.no/Hordaland

[Abonner på nyhende frå Fylkesmannen](#)

[Send melding til Fylkesmannen](#)